

VEDTEKTER FOR VOSS UTFERDSLAG

(Vedteke 26.02.2026)

§§ som er merka med gult kan berre endrast med samtykke frå DNT Sentralt. Vedtektene skal gjerast allment tilgjengeleg gjennom eigna media.

1 FØREMÅL OG ORGANISASJON

§ 1.1 Føremål

Voss Utferdslag skal arbeida for eit enkelt, aktivt, allsidig og naturvenleg friluftsliv, for sikring av allemannsretten og friluftslivet sitt natur- og kulturgrunnlag.

Laget skal arbeida for å verna om naturen slik at komande generasjonar kan oppleva urørt natur.

Laget skal gjera rutene og hyttene mest mogeleg kjende og i samarbeid med andre organisasjonar arbeida for at turistar legg vegen om Voss.

Ved å merka ruter, og ved å byggja og drifta hytter og bruer, legg ein til rette for at fleire kan delta i eit friskt og sunt friluftsliv.

§ 1.2 Organisasjon

Voss Utferdslag er ei ideell foreining tilslutta Den Norske Turistforening (DNT) gjennom ein medlemskapsavtale med DNT sentralt.

Voss Utferdslag kan oppretta lokallag i deler av foreininga sitt medlemsområde i samsvar med medlemskapsavtalen. Lokallaga er ein integrert del av Voss Utferdslag. Verksemda i lokallaga skal skje i samsvar med Voss Utferdslag sine vedtekter. Aktivitetane skal skje innanfor ramma av Voss Utferdslag sine strategiar, og vera i samsvar med retningslinjer og føringar frå Voss Utferdslag. Lokallaga blir representert i DNT gjennom Voss Utferdslag.

§ 1.3 Medlemskap

Medlemskap i Voss Utferdslag er ope for alle enkeltpersonar som ønskjer å bli medlem. Medlemmer av foreininga er alle som har betalt kontingent til DNT, inntil utmelding skjer eller medlemmen blir stroken som følgje av manglande kontingentinnbetaling.

Medlemmene har forslags- og røysterett på årsmøtet og kan velgjast til alle tillitsverv i alle ledd frå det året dei fyller 15 år.

Medlemmer i lokallag tilknytt Voss Utferdslag er også medlem i Voss Utferdslag

Alle medlemmer er medlem av DNT og har medlemsrettar ved besøk på alle medlemsforeiningar sine hytter og ved deltaking på turar, kurs og andre tilbod.

§ 2 ÅRSMØTET

§ 2.1 Øvste mynde

Årsmøtet er Voss Utferdslag sitt øvste organ.

§ 2.2 Deltaking og røysterett

Alle medlemmer i Voss Utferdslag som har fylt 16 år har røysterett på årsmøtet.

Ingen har meir enn ei røyst, og røysting kan ikkje skje ved fullmakt. Vedtak vert gjort ved fleirtal av dei gjevne røystene.

§ 2.3 Innkalling

Ordinært årsmøte skal haldast innan utgangen av februar kvart år. Innkallinga vert offentleggjort i lokalavisa, med tre vekers varsel.

§ 2.4 Fristar

Innkomne saker som skal handsamast på årsmøtet skal vera sendt styret seinast to veker før årsmøtet. Styret gjer tilgjengeleg saksliste og andre naudsynte saksdokument med framlegg og valkomiteen si innstilling på Voss Utferdslag si heimeside to veker før årsmøtet.

§ 2.5 Årsmøtet sine oppgåver

Årsmøtet skal handsama:

- a. Val av dirigent, protokollfører og to representantar til å signera protokollen
- b. Godkjenning av innkallinga
- c. Godkjenning av sakslista
- d. Godkjenning av årsmelding med styret si utgreiing og årsrekneskap for førre år.
- e. Framlegg som styret legg fram eller som i samsvar med § 2.4 er meldt inn av eit medlem av foreininga
- f. Val av leiar og medlemmer til styret
- g. Val av tillitsvalde i gruppene
- h. Val av leiar og medlemmer til valkomiteen
- i. Val av rekneskapsrevisor. Revisor kan vera to medlemmer i laget eller registrert statsautorisert revisor.
- j. Godkjenning av faste stillingar i laget.

§ 2.6 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte vert kalla inn av styret med minst 14 dagars varsel etter:

- a. Vedtak av årsmøtet
- b. Vedtak av styret
- c. Skriftleg krav frå minst 10 % røysteføre medlemmer

Ekstraordinært årsmøte kan berre handsama dei sakene som er oppgjeve i vedtaket eller kravet om innkalling av det ekstraordinære årsmøtet. Møteinnkalling og vedtak skjer etter same reglar som for det ordinære årsmøtet.

§ 3 STYRET

§ 3.1 Styret sitt mynde og oppgåver

Styret er Voss Utferdslag sitt øvste mynde mellom årsmøta.

Styret skal sørge for forsvarleg organisering av verksemda i foreininga, halda seg orientert om den økonomiske situasjonen og sjå til at verksemda, rekneskap og forvaltning av eiga er under forsvarleg kontroll.

Styret tilset dagleg leiar og fastset arbeidsvilkåra for dagleg leiar. Styret tek alle avgjersler som ikkje vert gjort av årsmøtet.

§ 3.2 Samansetning og val av styret

Styret har fem til sju medlem. Leiaren og styremedlemene vert vald av årsmøtet.

Styreleiar vert vald på årsmøtet for eit år og styremedlemene vert vald for 2 år om gongen. Halvparten av styremedlemene bør vera på val kvart år. Ein kan ha styreverv samanhengande inntil 6 år.

§ 3.3 Styret sitt arbeid

Styret vert kalla inn av leiaren så ofte som behovet tilseier, eller når minst to av styret sine medlemmer krev det. Styret kan fatte vedtak når eit fleirtal av medlemmene deltek. Ved lik tal røyster er leiaren si røyst avgjerande.

Innkalling til og referat frå styret sine møte er tilgjengeleg for medlemmene, med mindre styret avgjer noko anna i den enkelte saka.

§ 3.4 Signatur

Styreleiar og dagleg leiar forpliktar laget kvar for seg med si underskrift. På signeringspliktige dokument skriv styreleiar og dagleg leiar under i fellesskap

§ 4 MEDLEMSKONTINGENT

Medlemskontingent vert fastsett og innkrevd av DNT Sentralt på vegne av Voss Utferdslag

§ 5 VALKOMITEEN

§ 5.1 Samansetning og val av valkomiteen

Valkomiteen er samansett av ein leiar og to medlemmer. Dei vert valde av årsmøtet for 2 år om gangen etter innstilling frå styret. Ein av dei bør vera på val kvart år.

§ 5.2 Valkomiteen sitt mynde og oppgåver

Valkomiteen skal innstille til val av styret.

Valkomiteen skal innstille til val av undergrupper/komitéar, og kvar av gruppene skal ha eit styre på minst 3 personar som vert valde for 2 år. Kvar hytte skal ha eit hyttetilsyn som bør ha inntil 6 medlemmer. Kvar komité/undergruppe og hyttetilsyn skal velja ein kontaktperson.

Komitéane/undergruppene og hyttetilsyna ligg under styret i laget.

Årsmøtet fastset retningsliner for valkomiteen sitt arbeid.

§ 6 INHABILITET

Eit medlem av styret, valkomiteen eller dagleg leiar kan ikkje vere med på å handsame eller avgjere spørsmål der vedkomande eller deira nærstående må reknast å ha ein klar personleg eller økonomisk særinteresse i saka. Ved avgjerd av om nokon er nærstående etter denne regelen, gjeld aksjelova sine reglar tilsvarende.

§ 7 HEIDERSTEIKN

Styret kan tildele heidersteikn eller æresmedlemskap til personar som har gjort ein særskild innsats for Voss Utferdslag. Styret kan utnemne eit utval som innstiller æresmedlemmer og kandidatar til heidersteikn for styret.

§ 8 OVERTREDING AV DNT SITT REGELVERK

Medlemmer i Voss Utferdslag som gjer seg skuldig i grove brot mot DNT sitt etiske regelverk slik det er vedteke av DNT sitt organ, kan verta ilagt ei irettesetjing, tap av retten til tillitsverv eller tap av retten til medlemskap i foreininga.

Styret kan handsame slike saker. Eit medlem som er ilagt sanksjonar som nemnd, kan ta saka inn for landsstyret eller domsutvalet til endeleg avgjerd i samsvar med DNT sine vedtekter § 12.2.

§ 9 OPPLØYSING AV MEDLEMSFOREINING

Om oppløysing av Voss Utferdslag vert aktuelt, må det vedtakast på 2 årsmøte. Første gongs handsaming må skje på ordinært årsmøte, og minst 3/4 av dei avgjevne røystene må vera for oppløysing. For at vedtaket skal vera gyldig, må det handsamast for andre gong på ekstraordinært årsmøte innan ein månad. Då må også minst 3/4 av dei avgjevne røystene vera for oppløysing.

Dersom medlemsforeininga vert oppløyst, skal medlemsforeininga sine midlar overførast til ei annan medlemsforeining eller til DNT Sentralt.

§ 10 VEDTEKTSENDRINGAR

Vedtektene kan endrast ved vedtak på ordinært eller ekstraordinært årsmøte. Vedtektsendringar skal vere oppført på sakslista og krev 2/3 fleirtal av gitte røyster. Vedtektsendringane trer i kraft straks, om ikkje vedtaket seier noko anna.

§§ som er merka med gult kan berre endrast med samtykke frå DNT Sentralt. Vedtektene skal gjerast allment tilgjengeleg gjennom eigna media.